

Avlsplan

for den norske

fjordhesten



Gjeldande frå 2026

1	Innhald	
2	1. Føremål og verkeområde for avlsprogrammet	4
3	Identifisering og registrering	4
4	2. 4	
5	3. Reglar for inndeling av dyr i stambok.....	4
6	4. Raseskildring	4
7	4.1. Rasetype og preg	4
8	4.2. Kroppsbyggnad og muskulatur.....	5
9	4.3. Beinkvalitet og beinstilling.....	5
10	4.4. Rørsler.....	6
11	4.5. Helse og haldbarheit.....	6
12	4.6. Åtferd.....	6
13	4.7. Farge, urteikn og avteikn	6
14	5. Avlsmål og seleksjon	6
15	5.1. Eksteriør.....	7
16	5.2. Brukseigenskapar.....	7
17	5.3. Helse	7
18	5.3.1. Uønskte arvelege sjukdommar hjå avlsdyr	8
19	5.4. Åtferd.....	8
20	6. Utval av hingstar.....	8
21	6.1. Utstillingsrett	8
22	6.2. Kåring/premiering	8
23	6.3. Forløp avlsgodkjenning.....	8
24	6.3.1. Første gongs individdømming (klasse 3, 2b og 1b).....	8
25	6.3.2. Andre gongs individdømming av kåra hingst (klasse 2a og 1b, utvida bruksprøve) 8	
26	6.3.3. Frivillig tredje gongs individdømming av premiert hingst (klasse 1a)	9
27	6.4. Fruktbarheit.....	9
28	7. Utval av hopper.....	9
29	8. Bevaring av genetisk variasjon	9
30	8.1. Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder.....	9
31	8.2. Hoppekvoter	10
32	8.3. Andre tiltak	10
33	9. Reproduksjonsformer	10
34	9.2. Bruk av sæd frå død hingst	10
35	9.3. Hingstar kåra og stasjonert i utlandet	10
36	10. Oppfølging av avlsplanen	10

37	10.1. Revisjon av avlsplan	10
38	10.2. Endringsframlegg avlsplan	10
39	11. Informasjon om tredjepart.....	11
40	Vedlegg	12
41	Vedlegg 1 Inndeling av stambok for fjordhest.....	13
42	Vedlegg 2 Illustrert eksteriørskildring.....	14
43	Vedlegg 3 Diskvalifiserande eigenskapar.....	15
44	Vedlegg 4 Indeksar, premiering og rangering.....	16
45	Vedlegg 5 Helseundersøking av hingstar	18
46	Vedlegg 6 Kåringsinstruks for fjordhest.....	19
47	Vedlegg 7 Bruksprøver for fjordhest	23
48	Vedlegg 8 Reglar for avlsgodkjent hingst	26
49	Vedlegg 9 Avkomsvurdering.....	27
50	Vedlegg 10 Kontroll med innavlsutvikling	28
51		
52		
53		
54		
55		
56		

57 **1. Føremål og verkeområde for avlsprogrammet**

58 Føremålet med avlsprogrammet for fjordhest er å ta vare på genetisk variasjon i rasen, ta vare
59 på rasetype og preg, samt overvake og forbetre helse relaterte eigenskapar. Avlsplanen skildrar
60 korleis avlsarbeidet skal skje for å sikre berekraftig avl av fjordhest.

61
62 Avlsprogrammet har hovudsakleg verkeområde i Noreg, men fjordhestar som vert unnfanga og
63 fødde i andre land kan også verte omfatta av avgjerdene, då Norges Fjordhestlag (NFL) er
64 notifisert moderstambok for rasen internasjonalt.

65

66 **2. Identifisering og registrering**

67 Norsk Hestesenter (NHS) dokumenterer avstamming for fjordhest gjennom DNA-testing og
68 registrerer fjordhestar etter oppdrag frå NFL i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande krav i
69 [Forskrift som utfyller dyrehelseforskriften med bestemmelser om landdyranlegg og rugerier og](#)
70 [sporbarhet av landdyr og rugeegg \(landdyrsporbarhetsforskrifta\)](#)¹ og [Forskrift om avl av storfe,](#)
71 [svin, sau, geit og hest \(husdyravlsforskrifta\)](#)².

72

73 **3. Reglar for inndeling av dyr i stambok**

74 Stambok for fjordhest er inndelt i eit register der alle fjordhestar vert registrert i ulike nivå
75 avhengig av avstamming og godkjende ledd i denne. I tillegg til registerstamboka vert det ført
76 ei elitestambok for fjordhest. Elitestamboka omfattar alle premierte dyr. Sjå vedlegg 1,
77 Inndeling av stambok for fjordhest.

78

79 **4. Raseskildring**

80 Fjordhesten skal vere ein sterkbygd, hardfør, velbygd og atletisk hest med stor utstråling og
81 sjarm. Fjordhesten skal vere påliteleg, samarbeids- og arbeidsvillig samstundes som han er
82 avbalansert og roleg. I tillegg er målet naturlege og godt balanserte rørsler med god framdrift.
83 Fjordhesten skal vere ein allsidig hest. Han skal vere lett å handtere og passe til familiebruk. Ut
84 over raseskildringa under viser ein til vedlegg 2, Illustrert eksteriørskildring .

85

86 **4.1. Rasetype og preg**

87 Ved vurdering av rasetype, preg og brukstype skal følgjande trekk vurderast:

88

89 *Storleik:* Det er inga øvre og nedre grense for storleiken, men det er ønskjeleg at hesten er
90 mellom 135 og 150 cm i stangmål mankehøgde. Ved storleik utover desse måla kan det
91 trekkast på rasetype og -preg.

92

93 *Hårsetnad:* Panneluggen på vaksne hestar skal ønskjeleg rekke ned om auga. Fjordhesten skal
94 ha ståman. Manen skal ha ein konveks fasong som er tilpassa hesten si overlinje.

95

96 *Hovudet:* Hovudet utgjer ein viktig del av særpreget til fjordhesten. Det bør vere lite og godt
97 markert, med ei brei og flat panne. Naseryggen bør vere kort og kan vere rett, men helst
98 konkav. Auga bør vere store, mørke og klåre og gje eit tillitsfullt uttrykk. Det er ønskjeleg med
99 store, vide nasebor, slik at mulen får ein meir firkanta fasong. Kjevane bør vere godt markerte,
100 særleg på hingstane, men dei må ikkje vere så kraftige at hovudet verkar tungt. Det skal vere
101 god breidd mellom underkjevane (hakegropa). Øyrene skal vere breistilte og korte, parallelle å

¹ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-04-07-637?q=landdyrsporbarhets>

² <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-01-31-145?q=Forskrift%20om%20avl%20av%20storfe>,

102 sjå til og ha ein markert tupp.

103

104 *Kjønnspreg:* Det skal vere tydeleg forskjell i preg mellom hingst og hoppe. Dette kan skildrast
105 ved at hovudet til ei hoppe oftast vil vere litt meir finmeisla enn hos ein hingst. Ei brei panne og
106 kraftige kjevar, saman med godt markerte og store auge, kan gje inntrykk av ein meir trekanta
107 hovudfasong hos hanndyra. Det er i tillegg ønskjeleg at halsmuskulaturen, særleg på oversida
108 av nakken og halsen, er kraftigare hos hingstar enn hos hopper.

109

110 **4.2. Kroppsbygning og muskulatur**

111 Ved vurdering av kroppsbygning og muskulatur er det følgjande trekk som skal ligge til grunn
112 for vurderinga:

113

114 *Halsen:* Halsen bør vere vel ansatt og ha ei konveks overlinje. Særleg hingstane bør ha kraftig
115 halsmuskulatur. Halsen bør ikkje være lågt ansatt. Det er særleg viktig med ein lengre nakke og
116 ein smidig overgang mellom hovud og hals. Lang, tynn hals er ikkje ønskjeleg.

117

118 *Bog og manke:* Bogpartiet har stor innverknad på rørslene til hesten. Difor er det ønskjeleg
119 med ein godt markert, lang og skrå bog. Manken skal ikkje vere rund, men lang og tilstrekkeleg
120 markert. Manken skal utgjere ein jamn overgang frå nakke/hals til rygg.

121

122 *Overlinje:* Rygg- og lendepartiet bør vere jamt, godt muskeltett. Ryggen bør ikkje vere for lang
123 eller for kort, og lenda bør vere kort og sterk. Overgangen mellom rygg og kryss skal vere
124 bøyeleg og samtidig sørgje for at midtstykket og bakparten vert skøytt jamt og sterkt i hop.

125

126 *Bakpart:* Krysset bør vere langt, breitt og godt muskeltett. Krysset bør ikkje vere flatt, og heller
127 ikkje sterkt hallande. Halefestet må ikkje vere for lågt eller for høgt. Låret skal vere
128 muskelfyldig sett frå sida og bakfrå.

129

130 **4.3. Beinkvalitet og beinstilling**

131 Fjordhesten skal ha ei rettstilt beinstilling, for å gje gode føresetnader for ei god og haldbar
132 beinelse. Ei korrekt beinstilling vil gje gode føresetnader for eit korrekt rørslemønster som
133 hindrar slitasje- og belastningsskader. Kode-, hase- og kneledd skal vere godt markerte. Ved
134 vurdering av beinkvalitet og beinstilling skal følgjande leggast til grunn:

135

136 *Frambein:* Ledd og sener skal vere tørre, og beinstillinga skal vere korrekt sett framanfrå,
137 bakfrå og frå sida. Over- og underarmar skal vere tilstrekkeleg lange, med sterk og godt utvikla
138 muskulatur. Framknea bør vere markerte og rette sett framanfrå. Pipa bør vere rein og tørr og
139 stå korrekt midt under framkneet. Lengda på koden og kodevinkelen må vere slik at hesten
140 fjørar godt i bevegelse. Overbein kan vere eit symptom på uheldige anatomiske bygningstrekk. I
141 slike tilfelle blir hesten trekt for overbeina saman med det uheldige bygningstrekket. Ein skal
142 ikkje legge for stor vekt på overbein, spesielt dersom dei er små.

143

144 *Bakbein:* Ledd og sener skal vere tørre, og beinstillinga skal vere korrekt sett framanfrå, bakfrå
145 og frå sida. Lår og underlår skal vere tilstrekkeleg lange, med sterk og godt utvikla muskulatur.
146 Hasen bør vere sterkbygd og markert. Verken rette eller for krumme hasar er ønskeleg. Lengda
147 på koden og kodevinkelen må vere slik at hesten fjørar godt i rørsle.

148

149 *Høver:* Høvene skal ha god hornkvalitet, og dei bør vere romslege med passeleg skrå

150 sideveggar. Solen skal ha stor bereflate og vere godt oppkvelvd, med ei brei og mjuk kråke.
151 Det bør vere god breidd mellom drakthjørna, men høvene skal ikkje vere flå.

152

153 **4.4. Rørsler**

154 Rørslene og gangartane må vere ledige og naturlege med god ein balanse mellom undergripen
155 og skyv. Rørslene skal vere gjennomgripande, det vil seie at dei fleste ledd, i tillegg til overlinja,
156 er aktive i prosessen. Dei skal dessutan vere energiske, med god balanse og takt. Det er viktig
157 at hesten har god bogfridom og god haseaksjon.

158

159 **4.5. Helse og haldbarheit**

160 Fjordhesten skal ha ei god helse gjennom eit godt eksteriør og, så langt som mogleg, vere fri for
161 genetiske lidingar og sjukdommar. Avvik på eksteriør som vert vurdert å ha spesiell innverknad
162 på fjordhesten si helse vert spesielt overvaka. Omfanget vert dokumentert ved lineær
163 registrering i dommarprotokollar og vert handtert etter tilråding frå veterinærar. Helse vert
164 dømt under veterinærundersøking i samråd med kåringsnemnda når det gjeld hingstar. I
165 klasser der det ikkje er veterinærundersøking vert hesten si helse, i tillegg til trekk ved
166 eksteriøret som påverkar helse og haldbarheit, vurdert av eksteriørdommarane. Sjå vedlegg 3,
167 Diskvalifiserande eigenskapar og vedlegg 5, Helseundersøking av hingstar.

168

169 **4.6. Åtferd**

170 Åtferd er ei vurdering av hesten si framferd på utstillinga. Fjordhesten skal vere påliteleg,
171 samarbeids- og arbeidsvillig samtidig som han er avbalansert og roleg. Han skal vere lett å
172 handtere og passe til familiebruk. Vurdering av åtferd i samband med avlsvurdering av hingstar
173 er skildra i vedlegg 6, Kåringsinstruks for fjordhest.

174

175 **4.7. Farge, urteikn og avteikn**

176 Dei fem godkjende fargane er brunblakk, ulsblakk, grå, raudblakk og gulblakk. Innan dei ulike
177 fargane er det ulike nyansar. Det er viktig å ta vare på dei primitive urteikna. Kvite avteikn blir
178 ikkje godtekne, med unntak av at stjerne med storleik inntil 5,0 cm målt på største diameter
179 skal godtakast på hopper og vallakar. Høver med lyse spaltar eller sjatteringar, og lyse bein som
180 gradvis fører over til karakteristisk farge på raudblakke eller gulblakke hestar er ikkje å rekne
181 som avteikn, men som ein del av særtrekket ved desse fargane. Sjå vedlegg 3, Diskvalifiserande
182 eigenskapar for utfyllande liste over diskvalifiserande avteikn. Når ein hest med avteikn møter
183 til offisiell utstilling for første gong og får avteiknet vurdert til å vere innanfor reglementet, er
184 dette gjeldande i utstillingsamanheng vidare.

185

186 **5. Avlsmål og seleksjon**

187 Avlsmålet er gjennom reinrasa avl å ta vare på særpreget og mangfaldet til fjordhesten og dei
188 allsidige eigenskapane til rasen, og å avle fram ein sunn og funksjonsdyktig hest. Dei
189 opphavlege og godkjende fargane til rasen og dei primitive urteikna, avhengig av nyansane i
190 kroppsfargen, skal bevarast. Avlsarbeidet har sterkt fokus på at det skal avlast fram ein
191 fjordhest som er attraktiv for framtidige brukarar, noko som òg må vere basis for vektlegging
192 av eksteriør, rørsler og bruksegenskapar.

193

194 Avlsmålet skal nåast gjennom vurdering av eksteriøre eigenskapar, bruksegenskapar, helse og
195 åtferd. Individet si premie- og kåringsgrad vert bestemt av ein vekta heilskapskarakter for
196 eksteriør, gitt at dei andre vurderingskriteria er godkjende. Sjå vedlegg 4, Indeksar, premiering
197 og rangering.

198
199
200
201
202
203
204
205
206
207
208
209

5.1. Eksteriør

Eksteriøret skal vurderast og registrerast på utstilling. En oversikt over eigenskapar som registrerast er gitt i vedlegg 6 Kåringsinstruks for fjordhest. Enkelte eigenskapar vert berre bedømt på hingstar (galopp vist laust), medan andre eigenskapar vert registrert under fleire moment hos hingstar, men berre i utstillingsringen for andre klasser (skritt og trav). Alle eigenskapar som vert bedømt på utstilling vert registrert og lagra. Eksteriøre trekk skal i tillegg registrerast lineært på utstilling kvar gong eit individ møter på offisiell utstilling. Eksteriøreigenskapar som inngår i vekta heilskapskarakter for eksteriør er vist i tabell 1 med den respektive eigenskapen si vektlegging, gitt i prosent.

Tabell 1 Vektlegging av eksteriøreigenskapar

Eigenskap	Vekting
Rasetype og preg	40 %
Kroppsbygnad og muskulatur	20 %
Frambein	10 %
Bakbein	10 %
Skritt ³	10 % / 20%*1/3
Trav ³	10 % / 20%*1/3
Galopp ³	0 % / 20%*1/3

210
211
212
213
214
215
216
217
218
219
220
221
222
223
224
225
226
227
228

5.2. Brukseigenskapar

Brukseigenskapane, inkludert åtferd under bruk, som vert vektlagde i avlsarbeidet er allsidigheit, samarbeidsvilje, køyreeigenskapar, rideeigenskapar og rørsler. Sjå elles [bruksprøvereglement for utstillingar](#) og vedlegg 7, Bruksprøver for fjordhest, for nærare omtale av gjeldande bruksprøver for hopper og hingstar.

Bruksprøver vert karakterset og dømmast som bestått eller ikkje bestått i samsvar med gjeldande bruksprøvereglement.

5.3. Helse

Hingstar som vert framstilt for kåring skal gjennomgå ei veterinærundersøking. Sjå vedlegg 5, Helseundersøking av hingstar, for detaljert skildring av helseundersøkinga, og vedlegg 3, Diskvalifiserande eigenskapar, for skildring av eigenskapar. Helse dømmast som bestått eller ikkje bestått.

Det er inga særskilt helseundersøking for hopper, vallakar og unghestar ut over det som er gitt i [gjeldande utstillingsreglement](#).

³ Dersom galopp er bedømt vil rørslene vektast totalt 20%, med lik vekt for gangartane skritt, trav og galopp, sjå Vedlegg 4 - Indeksar, premiering og rangering

229 **5.3.1. Uønskete arvelege sjukdommar hjå avlsdyr**
230 Hestar med sommareksem skal ikkje brukast i avl⁴. Kvar og ein har ansvar for å ikkje bruke
231 hestar med arvelege lidingar i avlsarbeidet, sjå [Lov om dyrevelferd §25](#).

232 233 **5.4. Åtferd**

234 Hestar som viser uønskt åtferd skal visast vekk frå utstillingsplassen. Avviste hingstar kan ikkje
235 oppnå kåring eller premiering ved gjeldande utstilling. Regelen gjeld alle aspekt av utstillinga,
236 men åtferd skal spesielt vektleggast ved veterinærundersøking og bruksprøve(r). Åtferd
237 dømmast som bestått eller ikkje bestått Sjå også vedlegg 6, Kåringsinstruks for fjordhest.

238 240 **6. Utval av hingstar**

241 Utval av hingstar til avl vert bygd på individdømming (kåring). Individdømming skal gje grunnlag
242 for å velje ut avlsdyr med best moglege eigenskapar i tråd med avlsmålet, og samstundes gjere
243 det mogleg å påvise defektar på dyret som diskvalifiserer for bruk i avlen. Det kan avvikast frå
244 ordinære krav til avlsgodkjenning, sjå 8.1 Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder.

245 246 **6.1. Utstillingsrett**

247 Ein hingst har rett til å bli utstilt og kan kårast/premierast dersom han er registrert i A-
248 registeret i stamboka for fjordhest. Utanlandske hingstar som blir viste for kåring må fylle dei
249 krava til avstamming som gjeld for norskfødde hingstar. Dei må gjennomføre dei same prøvene
250 som dei norskfødde individa når det gjeld vurdering av eksteriør og bruksegenskapar for å
251 kunne bli vurderte for avlsgodkjenning.

252 253 **6.2. Kåring/premiering**

254 Kåring/premiering vert gjennomført av ei oppnemnd kåringsnemnd på ei offentleg kunngjort
255 utstilling. Kåring/premiering blir utført i samsvar med gjeldande avlsplan. Sjå vedlegg 4,
256 Indeksar, premiering og rangering, vedlegg 5, Helseundersøking av hingstar, vedlegg 6,
257 Kåringsinstruks for fjordhest og vedlegg 7, Bruksprøver for fjordhest.

258
259 Det er eigar sjølv som har ansvar for å melde hingsten på utstilling og følgje
260 avlsgodkjenningsforløpet.

261 262 **6.3. Forløp avlsgodkjenning**

263 **6.3.1. Første gongs individdømming (klasse 3, 2b og 1b)**

264 Første gong ein hingst kan møte til kåring er om våren som 3-åring. Ved kåring vert det utført ei
265 individdømming. Eigenskapane som er definerte i avlsmålet vert vurdert, hingsten viser
266 køyreprøve og vert vist laus i ridehall. Første gong ein hingst møter til kåring kan han oppnå
267 kåringsgrad og rangerast etter kvalitet. Kåringsgrad gir avlsgodkjenning i to år og hingsten vert
268 tildelt ei hoppekvote for dei to åra, i tillegg til rett til å møte til utvida bruksprøve. Eldre ukåra
269 hingstar skal følgje same prosess for testing av bruksegenskapar som treåringar.

270 271 **6.3.2. Andre gongs individdømming av kåra hingst (klasse 2a og 1b, utvida bruksprøve)**

272 Ein kåra hingst skal møte til ny individdømming og utvida bruksprøve for å behalde
273 avlsgodkjenninga. Hingsten kan møte til utvida bruksprøve tidlegast året etter kåring og det er
274 ingen siste frist for å gjennomføre utvida bruksprøve. Dersom hingsten ikkje har møtt til utvida

⁴ Sommareksem er vanskelig å påvise på utstillingsplassen, men det er av dyrevelferds- og omdømmemessige grunnar ikkje ønskjeleg å avle på hestar med sommareksem. Eigar/utstillar har difor eit ansvar for å opplyse om dette ved utstilling, samt å ikkje nytte individ med sommareksem i avl.

275 bruksprøve før avlsgodkjenninga på to år går ut, kan han ikkje verke i avlen før utvida
276 bruksprøve og andre gongs individdømming er gjennomført. Hingsten vert vurdert etter
277 gjeldande avlsplan og kan oppnå 1., 2. eller 3. premie, og han kan i tillegg stillast i kvalitet.
278 Hingstar som ikkje tilfredsstillar gjeldande krav til eksteriør, helse, åtferd eller
279 brukseigenskapar, misser kåringsgraden og vil ikkje premierast.

280

281 **6.3.3. Frivillig tredje gongs individdømming av premiært hingst (klasse 1a)**

282 Tredje gongs individdømming er frivillig. Alle premierte hingstar som vert meldt til utstilling når
283 dei er 8 år gamle eller eldre vil få ei avkomsvurdering, sjå vedlegg 9, Avkomsvurdering. Om
284 hingsten viser seg å ikkje vere haldbar, eller om han har fått så mange avkom at bidraget hans
285 til fjordhesten er tilstrekkeleg, kan han bli fråteken avlsgodkjenninga, men ikkje premiegraden.
286 Hingsten kan ikkje misse eller settast ned i premiegrad uavhengig av om han misser
287 avlsgodkjenninga, men kan rangerast bak hingstar med lågare premiegrad i kvalitetsrangeringa
288 for den gjeldande utstillinga. Veterinære funn skal påførast dommarkortet.

289

290 **6.4. Fruktbarheit**

291 Avlsgodkjente hingstar må vise til tilfredsstillande fruktbarheit. Ved mistanke om låg
292 fruktbarheit kan NFL i samråd med veterinær, som ein del av ei heilskapsvurdering krevje at
293 det på eigars rekning vert avlagt sædprøve. Denne vert vurdert av veterinær med kompetanse
294 på reproduksjon. Låg fruktbarheit kan føre til at hingsten mister avlsgodkjenninga (men ikkje
295 premiegraden) og han får då ikkje fornya denne før fruktbarheita er vurdert tilfredsstillende.

296

297 Når det gjeld fruktbarheit hos hopper vert det tilrådd å følge opp hoppene med
298 veterinærundersøkingar før bedekningssesongen. Dette gjeld spesielt dersom hoppa har vore
299 bedekt tidlegare utan at det har resultert i levande føl, eller om det har gått lang tid sidan siste
300 føl.

301

302 **7. Utval av hopper**

303 Det vert ikkje kravd godkjenning av hopper for bruk i avl, men det vert tilrådd å vise hoppa på
304 utstilling for individbedømming og vurdering av brukseigenskapar. Hoppeutstillingar med
305 bruksprøver er difor eit viktig tiltak for utvalet av avlsdyr. For dømming blir det vist til
306 gjeldande "Regler for offisielle hesteutstillingar", bruksprøvereglementet og vedlegg 4,
307 Indeksar, premiering og rangering.

308

309 **8. Bevaring av genetisk variasjon**

310 For å overvake utviklinga av innavlsgraden i rasen skal det kvart år publiserast statistikk med
311 oppdatert innavlsutvikling. NFL kan i samråd med relevante fagmiljø setje inn tiltak som dei til
312 ei kvar tid ser som naudsynt for å avgrense innavlsauke. Tiltak kan ikkje setjast i verk utan
313 vedtak frå styret i NFL. Sjå utdjupande om strategi for bevaring av genetisk variasjon i vedlegg
314 10, Kontroll med innavlsutvikling fjordhest.

315

316 **8.1. Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder**

317 Hingstar som etter ei fagleg vurdering har ein fordelaktig stamme i forhold til resten av
318 populasjonen, med unntak av importerte hingstar, kan kårast/premierast med bakgrunn i
319 dette. Dei generelle krav i vedlegg 4 for å oppnå avlsgodkjenning kan avvikast for slike hingstar
320 dersom dei har godkjent åtferd, brukseigenskapar og helse. Det skal tydeleg komme fram i
321 dommarprotokollen at avstamming er vektlagt ved kåringa. Kriteria som vert lagt til grunn for
322 vurdering av stamme finns i vedlegg 6, Kåringsinstruks for fjordhest.

323
324
325
326
327
328
329
330
331
332
333
334
335
336
337
338
339
340
341
342
343
344
345
346
347
348
349
350
351
352
353
354
355
356
357
358
359
360
361
362
363
364
365

8.2. Hoppekvoter

Alle premierte hingstar får tildelt ei livstidskvote på 70 bedekningar. Ved første gongs kåring vert hingsten tildelt halve livstidskvota (35 bedekningar). NFL kan innvilge tilleggskvote etter søknad ved spesielle høve. Individuelle hoppekvoter kan takast i bruk i den grad det er naudsynt for å avgrense auken i innavl i populasjonen. Individuelle hoppekvoter skal være fastsett innan 1. mars gjeldande år.

8.3. Andre tiltak

Styret i NFL skal i størst mogleg grad arbeide aktivt for bevaring av genetisk variasjon i rasen, inkludert, men ikkje avgrensa til punkta nemnt over og under:

- Nedfrysing av genmateriale som sæd.
- Uttak og sending av sæd for å stimulere til bedekning der det er lange avstandar til hingst.
- Stimulere til at flest mogleg hingstar brukast i avl og at desse får et jamt bidrag.

9. Reproduksjonsformer

Følgande reproduksjonsformer er tillat for fjordhest:

- Naturleg bedekning
- Semin (fersk, kjølt og frosen sæd).

9.2. Bruk av sæd frå død hingst

Sæd frå død kåra/premiert hingst kan brukast etter at hingsten er død dersom bruken blir funnen føremålstenleg for å avgrense innavlsauke. Bruk av sæd frå død hingst må godkjennast av styret i NFL.

9.3. Hingstar kåra og stasjonert i utlandet

Hopper kan bedekkast i utlandet eller inseminerast med importert semin. Hingsten må oppfylle krava for avstamming som gjeld for norskfødde hestar, og være avlsgodkjend i landet der bedekninga/sædproduksjonen skjer for at avkommet skal kunne registrerast i A-registeret. Dette gjeld ikkje dersom hingsten har 0. premie frå hingsteutstilling i Norge, norskfødde avkom av desse vil førast i B-registeret. I tillegg gjeld generelle importreglar for import av genetisk materiale⁵.

10. Oppfølging av avlsplanen

10.1. Revisjon av avlsplan

Avlsplanen for fjordhest skal reviderast kvart fjerde år. I spesielle tilfelle kan enkeltstående endringar gjerast utanom ordinær revidering.

10.2. Endringsframlegg avlsplan

Norges Fjordhestlag sender eventuelle endringsframlegg til Mattilsynet innan 1. oktober året før endringane er tenkt sette i verk.

⁵ https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-04-06-630/**

366 **11. Informasjon om tredjepart**

367 Norsk Hestesenter, Starumsvegen 71, 2850 Lena utfører følgende tekniske oppgaver knytt til
368 avlsprogrammet:

- 369 • Registrering og stambokføring
- 370 • Utstilling og lagring av individdata
- 371 • Utdanning av dommarar

372
373 Eigenskapar som er registrert på offisielle utstillingar vert registrert i NHS sin database kopla til
374 individ gjennom ei unik databasekode. Berekning av innavl og genetiske parameter vert gjort
375 gjennom bruk av føremålstenleg programvare for dette.

376

377

378 **Vedlegg**

- 379
- 380 Vedlegg 1: Inndeling av stambok for fjordhest
- 381 Vedlegg 2: Illustrert eksteriørskildring av fjordhest
- 382 Vedlegg 3: Diskvalifiserande eigenskapar
- 383 Vedlegg 4: Indekser, premiering og rangering
- 384 Vedlegg 5: Helseundersøking av hingstar
- 385 Vedlegg 6: Kåringsinstruks for fjordhest
- 386 Vedlegg 7: Bruksvurdering av fjordhest og [Bruksprøver for hingstar \(av 1.2.2021\)](#)
- 387 Vedlegg 8: Reglar for avlsgodkjent hingst
- 388 Vedlegg 9: Avkomsvurdering
- 389 Vedlegg 10: Kontroll med innavlsutvikling fjordhest
- 390

391 **Vedlegg 1 Inndeling av stambok for fjordhest**

392

393 **Norsk registerstambok for fjordhest**

394 Norsk registerstambok for fjordhest baserer seg på reinrasa avl. Registerstamboka er
395 differensiert, og fødte føler vert ført i A-, B- eller C-registeret avhengig av foreldra sin status.
396 Registreringsreglane styrer kva register det enkelte individ kjem i. Hestar i A- registeret får
397 raude pass, hestar i B- og C-registeret får blå pass.

398

399 Frå og med 2015 er det ikkje ulovleg å bruke ukåra hingstar i avlen, men avkom etter kåra og
400 ukåra hingstar kjem i ulike register.

401

402 **Definisjonar i registerstamboka**

- 403 • **A-register**
404 Kåra/premiert far. Mor i A-register eller i B-register med fire generasjonar
405 dokumentert og godkjent avstamming. Avkom under hopper som er i B-registeret
406 fordi det ikkje finnast DNA på mora deira (sjå under) kjem i A-registeret. Individ i A-
407 registeret har full utstillingsrett.
- 408 • **B-register**
409 B-registeret er for hestar som av ulike årsaker ikkje er kvalifiserte for A-registeret.
410 Etterkomarar etter hopper kan opparbeide godkjend stamtavle og dermed kome i A-
411 registeret. Individ i B-registeret får ikkje utstillingsrett.
412 Døme:
 - 413 ○ Kåra far. Ikkje fullregistrert mor. (Dokumentert morlinje, men mor har for få
 - 414 godkjende generasjonar i stamtavla.)
 - 415 ○ Individ med godkjent avstamming, men der DNA-profil frå mor ikkje kan
 - 416 skaffast. Dette gjer fullstendig avstammingskontroll umogeleg.
 - 417 ○ Reinrasa hest, men med ukåra far.
 - 418 ○ Kåra far. Typegodkjend mor.
- 419 • **C-register**
420 C-registeret er for hestar som av ulike årsaker ikkje er kvalifiserte for A- eller B-
421 registeret. Individ i C-registeret har ikkje utstillingsrett.
422 Døme:
 - 423 ○ Ukåra far. Ikkje fullregistrert mor.
 - 424 ○ Fjordhestar som har vorte til ved embryooverføring.

425

426 **Typegodkjenning av hopper**

427 Typegodkjenning av hopper kan skje etter gitte kriterium fastsett av
428 Norges Fjordhestlag. For at ei hoppe skal kunne møte til typegodkjenning må eit punkt av
429 følgjande vere oppfylt:

- 430 • DNA-kontroll mot oppgeve kåra/premiert far som ikkje kan utelukke han og
431 opplysningar om mor som verkar sannsynleg samanlikna med informasjon som
432 finnast i rasen sitt arkiv. Far vil då bli oppgjeven i stamtavla.
- 433 • DNA-kontroll mot oppgeve registrert mor som ikkje kan utelukke ho og
434 opplysningar om far som verkar sannsynleg samanlikna med informasjon som
435 finnast i rasen sitt arkiv.

436

437 Dersom ingen av foreldra er DNA-typa må opplysningar om mor si avstammingverke
438 sannsynleg med informasjon i raset sitt arkiv.

439 **Vedlegg 2 Illustrert eksteriørskildring**
440

441 Vedlegg 3 Diskvalifiserande eigenskapar

442

443 Fargar og avteikn

444 Fargar og avteikn som medfører at hingstar ikkje kan kårast eller hopper/vallakar ikkje kan
445 premierast på utstilling. Merk at manglande moglegheit til premiering for hopper ikkje
446 påverkar om desse kan nyttast i avl. Dersom avteikn på en hest vert godkjent på ei offisiell
447 utstilling, kan det same avteiknet ikkje seinare vere diskvalifiserande. Diskvalifiserande farge
448 eller avteikn vil gi underkjent karakter på rasetype og -preg.

449

- 450 • Blåaugd kvite hestar
- 451 • Avteikn på hovudet med unntak av stjerne med storleik under 5,0 cm målt på
- 452 største diameter på hopper og vallakar.
- 453 • Avteikn på bein. Lyse bein som gradvis fører over til karakteristisk farge på
- 454 raudblakke eller gulblakke hestar er ikkje å rekne som avteikn
- 455 • Medfødde kvite avteikn på kroppen.
- 456 • Kjøttfarga avteikn på hovud
- 457 • Heilt kvite høver
- 458 • Glasauge

459

460 Helse og haldbarheit

- 461 • Testiklar og fruktbarheit
 - 462 ○ Kryptorkisme, ein tilstand der ein (klapphingst) eller begge (urhingst)
 - 463 testiklane ikkje har kome ned i pungen.
 - 464 ○ Store ulikskapar i testikkelstorleik og -konsistens.
 - 465 ○ Pungbrokk, ein tilstand der tynntarm kjem ned i pungen via lyskekanalen
 - 466 (som regel einseitig), vert ikkje godteke på hingstar 10 år eller yngre. Eigarar
 - 467 av kåra hingstar pliktar å varsle Norges Fjordhestlag dersom hingsten får
 - 468 pungbrokk. Dette må gjerast klart for hingsteeigarane ved tildeling av
 - 469 kåringsbrev.
- 471 • Lidingar i rørsleapparatet
 - 472 ○ Patellalåsing eller patella ut av stilling er diskvalifiserande. Lettare haking,
 - 473 også kalla *catching*, kan føre til diskvalifisering. Alvorlighetsgrad ved funn vil
 - 474 vere avgjerande for om kåring/premiering vert tildelt.
 - 475 ○ Avvikande beinstilling (t.d. sabelbeinte framkne) og overbein skal skildrast,
 - 476 men alvorlighetsgraden er avgjerende for om kåring/premiering vert tildelt.
 - 477
- 478 • Andre diskvalifiserande eigenskapar
 - 479 ○ Sommareksem⁶

480

481 Bittfeil

- 482 • Alvorlege bittfeil er diskvalifiserande. Med «alvorleg» er meint over- eller underbitt
- 483 der framtenner i over- og underkjeve ikkje slitast mot kvarandre og dette ikkje har
- 484 årsak i skade.

485

⁶ Sommareksem er vanskelig å påvise på utstillingsplassen, men det er av dyrevelferds- og omdømmemessige årsaker ikkje ønskelig å avle på hestar med sommareksem. Eigar/utstillar har derfor eit ansvar for å opplyse om dette ved utstilling, samt å ikkje nytte individ med sommareksem i avl.

486 Vedlegg 4 Indeksar, premiering og rangering

487

488 For alle klasser gjeld følgende formel for utrekning av vekta heilskapskarakter for eksteriør. Det
489 skal brukast to desimalar.

490

491 Når galopp ikkje er vist:

492

$$493 \frac{(\text{Type} \times 40 + \text{kropp} \times 20 + \text{frambein} \times 10 + \text{bakbein} \times 10 + \text{skritt} \times 10 + \text{trav} \times 10)}{100}$$

494 Når galopp er vist:

$$495 \frac{(\text{Type} \times 40 + \text{kropp} \times 20 + \text{frambein} \times 10 + \text{bakbein} \times 10 + (\text{skritt} \times (20 * \frac{1}{3})) + \text{trav} \times (20 * \frac{1}{3}) + \text{galopp} \times (20 * \frac{1}{3}))}{100}$$

496 Kåring, premiering og sløyfe:

497 Følgande gjeld for vaksne hopper, hingstar og vallakar på offisielle utstillingar:

- 498 • Kåring/premiegrad vert tildelt på bakgrunn av vekta heilskapskarakter for eksteriør,
499 samt bestått åtferd, helse og bruksprøve for gjeldande klasse. For hingstar gjeld i tillegg
500 krav om godkjent helseundersøking.
- 501 • Tidlegare utstilte hopper og vallakar kan ikkje miste si premiegrad, men skal rangerast
502 etter heilskapskarakter for eksteriør på gjeldande utstilling.
- 503 • Hopper og vallakar som ikkje viser eller får underkjent køyreprøve vert tildelt sløyfe på
504 bakgrunn av vekta heilskapskarakter for eksteriør, samt bestått åtferd.

505

506 Følgande gjeld for premiering av unghestar på offisielle utstillingar:

- 507 • Unghestar får sløyfe på bakgrunn av vekta heilskapskarakter for eksteriør.
- 508 • To- og treårshopper kan oppnå ekstrasløyfe. Tildeling av ekstrasløyfe følger kriteria for
509 2. premie.

510

511 Tabell 1 gir oversikt over minimumsgrenser for tildeling av sløyfe, kårings- og premiegrad
512 forutsett at åtferd og eventuell bruksprøve og helseundersøking er bestått. Merk at i tillegg
513 gjeld følgende:

514

515 Unghest: Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være
516 under 5,00.

517 Hopper og vallakar: Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være
518 under 6,00

519 Hingstar, førstegangsvising: Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være
520 under 6,00

521 Hingstar, seinare vising: Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være
522 under 6,50

523

524 **Tabell 1: Mimimumsgrenser for vekta heilskapskarakter for eksteriør ved kåring og**
525 **premiering på utstilling. Lågaste godkjente karakter på rasetype og preg i parentes.**

Klasse	Sløyfe	Kåringsgrad	3. premie	2. premie	1. premie
Unghest	6,50 (7,00)	-	-	-	-
Hopper og vallakar	7,00 (7,00)	-	7,00 (7,00)	8,20 (8,00)	8,80 (9,00)
Hingstar	-	7,30 (7,00)	7,50 (7,50)	8,20 (8,00)	8,80 (9,00)
Kåring med vekt på stamme	-	7,00 (7,00)	7,20 (7,00)	-	-

526

527

528 **Rangering**

529 • Hopper, vallakar og unghestar som oppnår 7,80 eller høgare og hingstar 3 år og eldre
530 som oppnår 8,20 eller høgare i vekta heilskapskarakter skal stillast i kvalitet og
531 rangerast etter oppnådd vekta heilskapskarakter. Unntak: Individ som har delkarakterar
532 som inngår i vekta heilskapskarakter under 6,5 skal ikkje stillast i kvalitet, sjølv om vekta
533 heilskapskarakter er over kravet.

534

535 • Ved lik vekta heilskapskarakter skal individa skiljast av dommarane basert på skjønn.

536

537

538 **Vedlegg 5 Helseundersøking av hingstar**

539
540 Helseundersøkinga av hingstar vert gjennomført som ei klinisk helseundersøking. Veterinær
541 skal i tillegg utføre signalementskontroll mot hestepass, inkludert kontroll av mikrochip.
542 Lidingar som diskvalifiserer frå kåring og premiering er gitt i vedlegg 3, Diskvalifiserande
543 eigenskapar.

544
545 Dersom veterinær eller dommarar krev forhold nærare utreda, kan tilleggsundersøkingar
546 gjennomførast før ei eventuell avlsgodkjenning vert gitt. Uavhengig av utfall skal resultat av
547 tilleggsundersøkingar arkivføres, samt påførast hingsten sitt dommarkort.

548 549 **Klinisk helseundersøking**

550 Hingsten skal gjennomgå veterinærundersøking i løpet av utstillinga eller bruksprøvene.
551 Følgjande prosedyrar skal utførast ved gransking av fjordhingstar:

- 552 • Sirkulasjons- og respirasjonsundersøking
- 553 • Kontroll av bitt
- 554 • Undersøking av kjønnsorgan
- 555 • Ortopedisk undersøking, inkludert mønstring i skritt og trav. Bøyeprøver skal
556 berre utførast ved funn på palpering.
- 557 • Særskild undersøking av låsing i kneskåla ved andregongs individdømming. Hesten
558 må då leiast begge vegar i ring i skritt, ryggast og leiast sakte unnabakke minimum
559 fire gongar (der veterinæren ser hesten to gongar frå kvar side).
- 560 • Veterinæren skal i tillegg vurdere hingsten si åtferd.
- 561

562 **Vedlegg 6 Kåringsinstruks for fjordhest**

563 Resultata frå bedøminga av eksteriør, helse, bruksegenskapar og åtferd skal vurderast i
564 samsvar med vektlegging av de ulike eigenskapane og gje grunnlag for kåringsavgjersla.
565 Hingstar med defektar vert vurdert i samsvar med vedlegg 3, Diskvalifiserande eigenskapar.
566 Krava til eigenskapane i avlsmålet må tilfredsstillast kvar for seg.

567

568 **Eksteriør**

569 Dei enkelte delpoenga vert vekta inn i en vekta heilskapskarakter for eksteriør som skildra i
570 vedlegg 4, Indeksar, premiering og rangering. Følgjande gjeld for poengsetting av eigenskapar
571 som vert observert under ulike moment, der eigenskapar som inngår i vekta heilskapskarakter
572 for eksteriør er utheva:

573 • **Rasetype og -preg** vert vurdert i eksteriørringen.

574 • **Kropp og muskulatur** vert vurdert i eksteriørringen.

575 • **Frambeinskarakter** vert sett basert på mønstring på hardt underlag og i eksteriørringen.

576 • **Bakbeinskarakter** vert sett basert på mønstring på hardt underlag og i eksteriørringen.

577 • Karakter for høver skal ikkje settast, men det skal skildrast i tekst ved funn av avvik

578 • Rørslene si korrektheit vert dømt som ein del av rørslekarakteren under mønstring på hardt
579 underlag og i eksteriørringen.

580 • **Skrittkarakter** vert sett separat under lausmønstring og i eksteriørringen, og høgaste poeng
581 av desse vert sett som endeleg delpoeng for skritt.

582 • **Travkarakter** vert sett separat under lausmønstring og i eksteriørringen, og høgaste poeng av
583 desse vert sett som endeleg delpoeng for trav.

584 • **Galoppkarakter** vert sett under lausmønstring.

585

586 **Bruksprøver**

587 Bruksprøver poengsettast, og avvik vert skildra i samsvar med gjeldande bruksprøvereglement.

588 Bruksprøvene skal karaktersetast, men vurderast som bestått eller ikkje bestått i

589 kåringsavgjersla. Bruksprøva må være bestått for at hingsten skal kunne oppnå kårings- eller
590 premiegrad.

591

592 **Åtferd**

593 Hingstar som viser uønskt åtferd under utstillinga skal avisast og åtferdsavvik skildrast i

594 dommarkort (sjå forretningsorden for hingsteutstilling under). Uønskt åtferd under

595 veterinærundersøking eller bruksprøver skal tilleggast særleg vekt. Åtferd vurderast som

596 bestått eller ikkje bestått i kåringsavgjersla.

597

598 Hingstar til førstegangskåring som vert avvist frå hingsteutstilling grunna åtferd misser ikkje

599 utstillingsretten. Hingstar som vert avvist på grunn av åtferd for andre gang har ikkje seinare

600 utstillingsrett som hingst.

601

602 **Helse**

603 Helse vert dømt under veterinærgransking i samråd med kåringsnemnda når det gjeld hingstar.

604 Sjå punkt 4.5 Helse og vedlegg 3, Diskvalifiserande eigenskapar. Helse vurderast som bestått

605 eller ikkje bestått i kåringsavgjersla.

606

607 **Avteikn**

608 Hingstar med farge eller avteikn som ikkje er godkjent skal avisast, sjå vedlegg 3

609 Diskvalifiserande eigenskapar.

610

611 **Stamme og farge**

612 Norskfødde hingstar kan avlsgodkjennast basert på stamme sjølv om dei ikkje tilfredsstiller
613 gjeldande minimumskrav for kåring. I særskilte tilfelle kan importerte hingstar vurderast etter
614 same kriterium som norskfødde hingstar. Hingsten si stamme skal berre vektast i positiv
615 retning og inntil 0,30 poeng avvik i vekta heilskapskarakter kan godtakast dersom bruksprøve,
616 helse og åtferd er godkjent, sjå vedlegg 4, Indeksar, premiering og rangering.

617

618 Vurdering av å godkjenne ein hingst basert på stamme skal alltid gjerast etter at alle andre
619 moment er bedømt og skildra, og karakterar sett. Representantar frå NFL skal, viss det er
620 aktuelt å ta med ein hingst basert på stamme, informere kåringsnemnda om kva for hingstar
621 dette gjeld.

622

623 Meldte hingstar sin stamme vert vurdert på fagleg grunnlag av NFL i samråd med relevant
624 kompetanse når fristen for å melde til hingsteutstilling er utgått. Punkta under er eksempel på
625 kriterium som kan leggest til grunn for avlsgodkjenning basert på stamme, men er ikkje
626 avgrensa til desse:

- 627 • Hingsten høyrer til ei lite representert hingstelinje
- 628 • Hingsten har ein far som er lite brukt og ikkje har kåra søner etter seg
- 629 • Hingsten høyrer til ei morlinje der det ikkje har kome avlshingstar i nyare tid, eller som
630 generelt er lite representert
- 631 • Hingsten har eit slektskap til resten av populasjon som er lågare enn snittet
- 632 • Hingsten har lågt slektskap til andre avlsgodkjente hingstar

633

634 **Forretningsorden ved hingsteutstilling på Nordfjordeid**

635

636 **Øvste ansvarlege instans**

637 Styret i NFL har ansvar for å arrangere kåring av hingstar. Styret er kåringa sin høgste instans og
638 er ansvarleg for at denne skjer i samsvar med gjeldande avlsplan.

639

640 Styret og avlsutvalet i NFL skal til ei kvar tid vere representert på hingsteutstillinga med minst
641 to representantar. Minst ein av representantane skal vere frå avlsutvalet. Dersom samtlege
642 ordinære medlemmer av avlsutvalet er ugilde (utstillar, eigar, oppdrettar eller tidligare eigar av
643 hingst som stillast for avlsgodkjenning, eller i nært familieforhold med eigar eller oppdrettar av
644 hingst) skal begge representantane kome frå styret. Representantane kan ikkje ta egne
645 avgjersler, men skal underrette styret som kan foreta vedtak i saker som angår
646 hingsteutstillinga eller avlsplanen. Dersom fjordhest vert vist på hingsteutstilling andre stadar i
647 landet enn på Nordfjordeid og ein kjem i situasjon der ein treng å konferere med NFL, skal
648 styreleiar, sekundært leiar i avlsutvalet, kontaktast.

649

650 Dersom det vert oppdaga mangelfull eller feil ordlyd i avlsplanen og/eller vedlegg, skal dette
651 arkivførast og eventuelt takast inn i avlsplan og/eller vedlegg ved første moglege revidering.

652

653 Det vert oppnemnd en plassjef for hingsteutstillinga som har ansvar for at
654 utstillingsreglementet følgast og at dyrevelferda er oppretthalde.

655

656 **Åtferd på utstilling**

657 Dersom dommarar, veterinærar eller andre funksjonærar observerer uønskt åtferd av ein
658 hingst under eksteriørbedømming, bruksprøver, helseundersøking eller måling, har desse
659 ansvar for å stoppe vurderinga av hingsten.

660
661 Dersom uønskt åtferd vert observert mellom bedømmingar, skal funksjonær som observerer
662 dette be om at hingsten vert sett på stall fram til det er gjort ei vurdering av om hingsten skal
663 kunne halde fram med si avlsvurdering. Dommarar, veterinærar eller andre funksjonærar skal
664 så umiddelbart melde frå til styrar om uønskt åtferd. Styrar skal deretter så raskt som praktisk
665 mogleg kalle inn representant frå NFL samt dommarar/funksjonærar som har meldt frå om
666 hendinga for å avklare om hingsten skal få gjenoppta si bedømming eller avvisast frå
667 hingsteutstillinga.

668
669 Dersom hingsten får forsøke å gjenoppta si bedømming skal representant frå NFL og styrar
670 vere til stade for å vere med på å avgjere om hingsten skal avvisast eller få løyve til å halde
671 fram. Det skal alltid være minst tre personar i gruppa som vurderer å avvise ein hingst
672 (representant frå NFL, styrar og aktuell dommar/veterinær/plassjef). Det er ikkje rett til å klage
673 på ei avvising grunna uønskt åtferd, men utstillar har rett på møte med gjeldande dommar(ar)
674 samt NFL sin representant så raskt som mogleg etter avvising for ei orientering. Grunngeving
675 for avvising skal giast utstillar skriftleg og munnleg.

676 677 **Møte mellom veterinær, bruksprøvedommarar og eksteriørdommarar etter bedømming**

678 Veterinær, bruksprøvedommarar og eksteriørdommarar skal holde eit møte etter at samtlege
679 hingstar har gjennomgått helseundersøking, bruksprøver og eksteriørvurdering. Under dette
680 møtet skal resultat frå helseundersøkinga og bruksprøvene gåast igjennom.

681
682 Føremålet er ikkje ein detaljert gjennomgang av alle prøver, men å gje veterinærar,
683 bruksprøvedommarar og eksteriørdommarar høve til å diskutere hingstar som av ulike grunnar
684 har avvik i sine prøver/undersøkingar. Det skal ikkje gjerast endringar på karakterar som er
685 sett.

686 687 **Hingsteutstilling**

688 På hingsteutstillinga skal hingstane gjennomgå ei veterinærundersøking, visast lause for
689 dømming i skritt, trav og galopp, vise bruksprøve og mønstrast for eksteriørdommarane.
690 Hingstane er inne til bedømming for eksteriør både klassevis og enkeltvis. Når desse momenta
691 er avslutta er hingsten ferdig bedømt.

692 693 **Regelverk**

694 Kåring av hingstar går føre seg etter den til kvar tid gjeldande avlsplan, samt reglement for
695 utstillingar og bruksprøver. Kåringsnemnd og dommarar blir oppnemnde av NHS basert på
696 retningslinjer frå NFL. NFL har eit stort ansvar når det gjeld vurdering av gildskap, og skal vere
697 klageinstans ved eventuelle gildskapsaker. Her skal forvaltningslova ligge til grunn for
698 vurderingane.

699 700 **Utdanning av dommarar**

701 Utdanning og autorisasjon av eksteriør- og bruksprøvedommarar skjer i regi av NHS, etter
702 nærare fastsette utdanningsplanar.

703

704 **Oppfølging av dommarar**

705 Det skal haldast eigne samlingar for fjordhestdommarar kvart år, for at desse skal bli orienterte
706 om faglege spørsmål og eventuelle endringar i avlsplan og reglement. NFL fastset, i samarbeid
707 med andre raseorganisasjonar (eller ein organisasjon som representerer/har fullmakt frå slike),
708 nærare reglar for dette.

709 **Vedlegg 7 Bruksprøver for fjordhest**

710

711 **Vaksne hopper og vallakar**

712 Første gong vaksne hopper og vallakar visast på utstilling skal dei gjennomføre ei køyreprøve i
713 samsvar med det til ei kvar tid gjeldande [bruksprøvereglement for offisielle hesteutstillingar](#).

714

715 **Bruksprøver for hingstar**

716 ***Lausmønstring av hingst i ridehall***

717 Lausmønstring i ridehall blir gjennomført ved individdømming av hingstar. Fri visning skal styrke
718 dommarane sine vurderingar av hingstane sine rørsler. Hingstane skal visast i skritt av mønstrar
719 på firkantsporet før dei forlet ridehuset.

720

721 ***Køyreprøve***

722 Bruksprøva (køyreprøva) er obligatorisk første gong ein vaksen hingst møter til
723 individdømming, eller ved seinare høve dersom ein ukåra hingst vert framstilt på nytt. Elles vert
724 det vist til gjeldande bruksprøvereglement for hopper og hingstar.

725

726 ***Utvida bruksprøve***

727 For å oppnå vidare avlsgodkjenning og premiering må alle fyrstegongs kåra hingstar
728 gjennomføre godkjend utvida bruksprøve. Formålet med utvida bruksprøve for fjordhest er å
729 vurdere hingstane sine bruksegenskapar under relativt like forhold. Øvingane i bruksprøva er
730 valt ut for å reflektere fjordhesten sin allsidigheit og bruksområde. Ein brukar framandryttar og
731 framandkusk for å vurdere kor ridbare og køyrbare hingstane er. Helse og åtferd vil også bli
732 vurdert.

733

734 Den utvida bruksprøva går over tre dagar i forkant av hingsteutstillinga. Hingstane vil ha ein
735 veterinærsekk på dag ein (tysdag), medan på dag to og tre (onsdag og torsdag) vil det utførast
736 rideprøve og køyreprøve. Ved premiering av den utvida bruksprøva rangerast hingstane mot sin
737 årgang.

738

739 Importerte/innleigde hingstar frå utlandet som har oppnådd fyrstegongs kåring i Noreg kan
740 melde til utvida bruksprøve på lik linje med norskregistrerte hingstar. Bruksprøver frå utlandet
741 blir godkjende dersom dei er av same kvalitet og kan samanliknast direkte med dei norske
742 prøvene.

743

744 Hingsteeigarane må sjølv dekke kostnader ved utvida bruksprøve. Hingstar kan meldast til
745 utvida bruksprøve frå året etter fyrstegongs kåring.

746

747 Momenta som inngår i testinga er følgjande:

748

- køyring
- riding i ridehall og i terreng
- rørsler og framdrift
- observasjon av oppførsel på stall
- helsevurdering
- heilskapsvurdering

754

755 Hingsten skal undersøkjast av veterinær i starten av testperioden. Veterinæren gir kritikk og
756 godkjenner/godkjenner ikkje helsestatus.

757

758

759 **Generelt om dei praktiske prøvene**

760 Dei praktiske prøvene vil dømmast med talkarakterar (1-10), og ein skriftleg kommentar.
761 Rideprøva og køyreprøva vil kvar vektleggast med 50 % i det samla resultatet.

762

763 Både rideprøva og køyreprøva skal utførast med både eigenryttar/-kusk og framandryttar/
764 kusk, der eigenryttar/-kusk viser hingsten først. Eigenryttar/-kusk kan vere eigar sjølv, eller
765 den person eigar ønskjer skal utføre prøva. Eigenryttar og eigenkusk treng ikkje å være same
766 person. Framandryttar og framandkusk vert oppnemnd av NHS i samråd med NFL.

767

768 Dersom eigar av hingst ikkje er nøgd med den første prøva som er avlagt, har ein rett til å
769 gjennomføre prøva på nytt ettermiddagen den dagen prøva er avlagt. Ved ny prøve vil det
770 ikkje nyttast framandryttar/-kusk, kun eigenryttar/-kusk. Det er den beste ride-
771 /køyreprøven med eigenryttar/-kusk som vil bli teljande. Ny, frivillig ride- eller køyreprøve
772 forutset at dommarane finn dette forsvarleg av sikkerheitsmessige og dyrevelferdsmessige
773 grunnar. Ved mistanke om haltheit skal hingsten vurderast av veterinær før nytt forsøk vert
774 gjennomført. Dersom dommarane må avvise ein hingst på andre forsøk på ride- eller
775 køyreprøva, er den utvida bruksprøva som heilheit ikkje bestått.

776

777 **Oppførsel på stall**

778 Oppførsel på stall registrerast to gangar per dag (onsdag – fredag) med tanke på
779 stereotypisk åtferd. Dette vil skje i samband med pausar/fôring. Då må alle hingstar
780 opphalde seg i boksane sine. Stereotypisk åtferd er ikkje aleine diskvalifiserande for
781 premiering, men observasjonane vil inngå i den totale vurderinga av om hingsten skal få
782 godkjent åtferd.

783

784 **Dag 1: Oppmøte og veterinærkontroll**

785 Oppmøtedag og veterinærkontroll.
786 På ettermiddagen vil det vere informasjonsmøte for utstillarar.

787

788 **Dag 2: Rideprøve**

789 Hingstane vil visast ein og ein, normalt i katalogorden. Prøva vert avlagt inne i ridehuset,
790 oppvarming skjer på anna område. Det vert sett av 20-30 minutt pr. hingst. Hingstane skal
791 visast i det utstyr som er definert for rideprøve for fjordhest i det generelle
792 bruksprøvereglementet.

793

794 Hingstane skal visast med kontakt til taumen i samsvar med alder og utdanning. Dommarane
795 ser etter god arbeidsvilje, framdrift og samarbeidsvilje, ledigheit, rørsler og balanse.

796

797 Hingstane skal visast i skritt, trav og galopp. Alle gangartar skal vises på begge hender.

798 Hingstane skal ikkje følgje eit bestemt ridemønster, men i løpet av visingstida vise volter på
799 ca. 20 meter i trav. Hingstane skal også vise haldt i minst 5 sekund.

800

801 Etter at testryttar har ridd blir prøva avslutta med at eigenryttar skrittar ei løype utandørs i
802 terrenget. Her vil dommarane dømme hingsten sine rørsler og balanse i terreng.

803

804

805

806 Rideprøva sine moment skal vektleggast slik:

Moment	Vektlegging	
Skritt	20 %	
Trav	20 %	
Galopp	20 %	
Ridement	10 %	Undermoment vert vektlagt likt
Arbeidsvilje/ridbarheit	30 %	Undermoment vert vektlagt likt

807

808 **Dag 3: Køyreprøve**

809 Hingstane skal visast ein og ein, normalt i katalogorden. Prøva startar i ridehuset etter
810 oppvarming på tilvist område. Det vert sett av 20-30 minutt pr. hingst.

811

812 Køyreprøva kan utførast med arbeidssele eller maratonsele, og 2- eller 4-hjulsvogn som
813 passar den valde selen. Arrangør stiller med vogner. Det er mogleg å bruke eiga vogn til
814 køyreprøva. Hovudlag med skylappar er ikkje tillate. Hingstane kjem ferdig forspent. Før
815 hingstane startar køyreprøva, skal ein kontrollør frå arrangør undersøke at seletøy og vogn
816 er korrekt tilpassa hesten.

817

818 Inne i ridehuset skal hingstane visast i skritt og trav på begge hender, samt vise haldt i
819 minst 10 sekund. Hingstane skal ikkje følgje eit bestemt køyremønster, men dei skal i løpet
820 av visingstidavise volter på ca. 20 meter i trav. Prøva vert avslutta med bakkeprøve, 8-
821 tallsvending og rygging ute.

822

823 Dommarane vurderer hingstens gangartar, samarbeidsvilje, framdrift og at hingsten er
824 avspent og trygg i vogna.

825

826 Køyreprøva sine moment skal vektleggast slik:

827

Moment	Vektlegging	
Skritt	20 %	
Trav	20 %	
Køyremoment	20 %	Undermoment vert vektlagt likt
Arbeidsvilje/køyrbarheit	40 %	

828

829 **Vedlegg 8 Reglar for avlsgodkjent hingst**

830

831 Hingsteigar er forplikta til å følge den til ei kvar tid gjeldande avlsplan og pålegg frå
832 avlsorganisasjonen som er heimla i denne, inkludert men ikkje avgrensa til punkta under.

833

834 **Kvoter**

835 Eigar av avlsgodkjent hingst forpliktar seg til å følge de til ei kvar tid gjeldande hoppekvoter for
836 fjordhest.

837

838 **Rapporteringsplikt**

839 Dersom det på en kåra hingst oppstår diskvalifiserande lidingar som til dømes pungbrokk eller
840 sommareksem skal dette umiddelbart innrapporterast til Norsk Hestesenter og Norges
841 Fjordhestlag.

842

843 Dersom kåra hingst vert seld, eksportert, avliva eller kastret, skal Norsk Hestesenter og Norges
844 Fjordhestlag ha melding om dette.

845

846 Hingsteholder skal på førespurnad frå Norsk Hestesenter, og/eller Norges Fjordhestlag bidra
847 med utfyllande informasjon om bedekningssesongen.

848

849 **Informasjonsplikt**

850 I avlsarbeidet har både hoppeeigar og hingsteeigar/-haldar ansvar for at alle bedekningar samt
851 resultatet av bedekninga vert registrert hos det stambokførande og passutskrivande organ
852 (NHS) innan dei fristar som er sett. Hoppeeigar har ansvaret for å registrere resultatet av
853 bedekninga. Alle resultat skal registrerast, uansett om hoppa er tom, har kasta, fått levande
854 føl, eller anna.

855

856 **Bedekningsliste**

857 Hingsteeigar/-haldar har ansvar for å sende inn lister over alle hopper hingsten har bedekka
858 inneverande sesong til NHS og NFL.

859

860 **Springsetel**

861 En springsetel skal fyllast ut for kvar hoppe og leverast hoppeeigar som kvittering på
862 betalt sprangavgift. Ved å skrive ut springsetel bekreftar hingstehaldar at avkommet kan
863 registrerast.

864 **Vedlegg 9 Avkomsvurdering**

865

866 ***Avkomsvurdering av hingstar***

867 Avkomsvurdering av hingstar skal gjerast etter gjeldande reglar for offisielle hesteutstillingar. I
868 tillegg til å oppfylle minimumskriteria skildra under, vert det gjort ei heilskapleg vurdering av
869 avkomsgruppa.

870

871 ***Rettleiande kriterium for bedømming av avkomsgrupper***

872 Hingstar

873 **Avkomsgrad Elite:** Minst 2 kåra/premierte hingstar der minst 1 har 1. eller 2. premie. Minst 8
874 hopper med premiegrad og der minst 5 må ha 1. eller 2. premie.

875 **Avkomsgrad A:** Minst 2 kåra/premierte hingstar og minst 5 hopper med premiegrad og der
876 minst 3 må ha 1. eller 2. premie.

877 **Avkomsgrad B:** Minst 1 kåra/premiert hingst. Minst 5 hopper med premiegrad.

878

879 Premierte vallakar vil telje positivt ved vurdering av avkomsgruppa.

880

881 Hopper

882 Ingen krav om avkom av begge kjønn.

883 **Avkomsgrad Elite:** Minst 4 avkom etter minst 3 hingstar. Minst 4 kåra/premierte avkom med 1.
884 og 2. premie.

885 **Avkomsgrad A:** Minst 4 avkom etter minst 3 hingstar. Minst 3 med 1. eller 2. premie.

886 **Avkomsgrad B:** Minst 4 avkom der minst 4 må være premierte.

887

888 Tildelt avkomspremie skal vurderast av NHS og NFL.

889 **Vedlegg 10 Kontroll med innavlsutvikling**

890

891 Fjordhesten har hatt ei relativt stabil innavlsutvikling dei siste åra. Dette kan skuldast mellom
892 anna fokus på bruk av unge hingstar, samt import av avlsdyr. I ein liten populasjon med få
893 fødde føl per år er det likevel eit behov for å overvake situasjonen og oppretthalde tiltak for å
894 avgrense innavslauken.

895 **Mål: Innavlsauken i rasen skal ikkje overstige FAO si tilråding om ei maksimal innavlsauke**
896 **per generasjon på 0,5 – 1%.**

897

898 **Tiltak og verktøy i praksis**

899 **Fleire hingstar visast som treåringar, godkjennast for avl og brukast.**

- 900 • Bruke slektskapsinformasjon i kåringsavgjersler og kåre så mange hingstar som mogleg
- 901 • Stimulere til jamn bruk av hingstar
- 902 • Bruke hingstar med fordelaktig slektskap aktivt i ulike prosjekt
- 903 • Stimulere hoppeeigarar til å velje hingstar med fordelaktig slektskap

904 **Fleire hoppeeigarar skal ta inn slektskap i vurdering av aktuell hingst og hovudtyngda av**
905 **bedekningar skal ligge rundt eller under snittet for rasen.**

- 906 • Informasjon til hoppeeigarar om viktighet av slektskap mellom hingst og hoppe, samt
907 viktigheita av gode kombinasjonar for å produsere avkom som kan bidra i avlen
- 908 • Tilgang på slektskapssjekk for hesteeigarar
- 909 • Foredrag og artiklar i medlemsbladet og andre fora
- 910 • Avlsråd frå avlsutvalet, inkludert om slektskap

911 **Hingstehaldarar bidreg til å avgrense innavlsauke**

- 912 • Hingstehaldarar har ansvar for å ikkje godta hopper som er for nært i slekt med
913 hingsten
- 914 • Generell avgrensing på slektskap for slepp i regi av Norges Fjordhestlag (t.d. i
915 Sikkilsdalen)
- 916 • Avgrensing på slektskap mellom hingst og hoppe ved utbetaling av avlstilskot til
917 lokallag/medlemmar

918 **Redusere enkelthingstar/hingstelinjer sitt bidrag i populasjonen.**

- 919 • Bruke EvA eller andre relevante verktøy i utarbeiding av livstidskvoter, individuelle
920 kvoter eller andelsbaserte kvoter etter behov

921

922